

Rasdalen grendalag  
v/Terje Rasdal  
5981 Masfjordnes

Masfjordnes 17.04.07

Indre Hordaland Miljøverk  
v/Kåre Flatlandsmo  
5700 Voss

Voss kommune  
v/Teknisk sjef  
Uttråg.9  
5700 Voss

## **Renovasjonsordning for fritidsbustader – uttale frå Rasdalen grendalag**

Rasdalen grendalag hadde årsmøte 05.04.07, og på det møtet kom det mange innspel og meiningstryingar i høve til den nye renovasjonsordninga for fritidsbustader. Årsmøtet gjorde vedtak om å senda eit skriv til Indre Hordaland Miljøverk (IHM) og til Voss kommune.

### **Dette kom opp på årsmøtet :**

\* Det var semje om at gebyrsatsane er sette urimeleg høgt. Det må også stillast spørsmålsteikn ved at så mange hytter kom i den høgaste gebyrklassen på 2044 kr. Her har det definitivt ikkje vore gjort godt og grundig nok arbeid frå starten av.

\* No er me klar over at arealkrava er justerte, slik at hytter mindre enn 80 kvm vil få middelgebyret på 1335 kr. Likevel er det ikkje å koma forbi at dette framleis er ei dyr renovasjonsordning, særleg når det vert samanlikna med andre stader i landet. (jfr. alle lesarinnlegga i "Hordaland") For hytter i Rasdalen – og mange andre plassar – er det først og fremst vanleg avfall som vert aktuelt å levera. Når det vert presisert frå IHM at gebyret dekkjer mykje meir enn dette avfallet, er det ein argumentasjon som gjeld for normalhushald. Det er heilt minimale mengder av farleg avfall, elektrisk-/elektronisk avfall, møblar m.m. som vert levert frå hyttene.

\* **Det som årsmøtet i Rasdalen grendalag var aller mest oppteken av, er at det snarast må koma større og betre containerar enn det som me no vert tilbydde.**

I skriv til IHM 26.10.06 peikte me i klår tekst (m/bilete) på forholda rundt dei to små plastcontainerane på Roningen (nedst i Rasdalsvegen) slik det var i fjor sommar. No er det kome ei kommunal renovasjonsordning, men det har ikkje skjedd noko i høve til desse containerane. Dette skapar frustrasjon og harme blant hytteeigarane, og det er fleire som har sagt dei vil venta med innbetaling av renovasjonskrava til det kjem ei betre ordning i høve til containerane.

Det vart også kommentert at same type containerar ofte har vorte observert overfylte nede på Bolstadøyri.

\* Når ein reiser litt omkring her i landet, ser ein mange stader romslege hyttecontainerar med luker på sida, eller luker på toppen. I nokre hyttegrender har dei også ei ordning med låsbare containerar. Me registrerer at kommunen har vore svært så rask med å krevja inn renovasjonsgebyra (Frist 01.04.07 !). Hadde det ikkje vore betre å først få orden på tilbodet når det gjeld containerar – og deretter føreteke innkrevjing ?

\* Det har vorte mykje unødvendig rabalder omkring denne saka, og avisinnlegga i "Hordaland" har vore mange og gode. Me synest at både kommunen og IHM har sett seg sjølv i ei heller ugunstig stilling, og det er mange som stiller spørsmålsteikn ved både planlegging og informasjon. Det er iallfall ikkje på denne måten ein skapar "goodwill", godt samarbeidsklima og nøgde brukarar. Det å ha ei god renovasjonsordning er me sjølvsagt positive til, men det må også vera grenser for kva hyttene i regionen skal måtta betala for ei slik ordning.

**\* Det vart også kommentert nokre andre forhold på årsmøtet :**  
(Desse spørsmåla kunne det ha vore greitt å få svar på hjå Voss kommune.)

1) Kvifor sette ikkje Voss kommune opp nummerskilt på alle hyttene i Rasdalen då det vart gjort for ein del år sidan ? Ville det ikkje vore praktisk for kommunen å ha eit nummer på alle hyttene som dokumentasjon/ referanse ? (Me er klår over at det vert argumentert med at hytter med skilt på skal ha veg fram, men dei aller fleste hyttene ligg ikkje så langt frå veg.)

2) Det vart også stilt spørsmålsteikn ved måten arealet av hyttene vert rekna ut på. (satellitt-bilete av taket) Kva med utstikk, overbygg over veranda – skal det verkeleg høyra med til arealet av ei hytte ?

3) Det vart også kommentert det forholdet at det er hytter i Rasdalen som ikkje har fått varsel om renovasjonsgebyr i det heile. Kva kan grunnen vera til det ?

Årsmøtet i Rasdalen grendalag reknar med at det snarast vil verta iverksett tiltak frå IHM i høve til containerar og returpunkt med tilfredsstillande kapasitet- både i nærmiljøet vårt og i andre delar av regionen der det er liknande problem.

På sikt håpar me på at Voss kommunestyre, som er avgjerande instans når det gjeld fastsetjing av renovasjonsgebyr, vil justera desse til eit nivå som står meir i forhold til det hytter i andre kommunar (utanom regionen) får krav om å betala.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal

leiar